

Forskrift om vern av Ytre Hardangerfjord marine verneområde, Tysnes, Stord, og Kvinnherad kommune, Hordaland

Heimel: Fastsatt ved kgl.res. med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfoldloven) § 34, jf. § 39 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1. (Føremål)

Føremålet med Ytre Hardangerfjord marine verneområde er å ta vare på eit spesielt kystområde med trua, sjeldan og sårbar natur, som representerer bestemte naturtypar av særskilt naturvitskapleg verdi. Det er ei målsetjing å behalde verneverdiane utan større grad av ytre påverknad, og området skal kunne tene som referanseområde for forskning og overvaking.

Ytre Hardangerfjord omfattar ein djup fjord og ein stor undersjøisk morenerygg som pga. sterk straum gjev gode næringstilhøve for eit rikt og mangfaldig dyreliv, blant anna førekomstar av korallar og svampar. I somme djupvassområde finst artar som er meir vanleg i arktiske område, som store førekomstar av fjørstjerna lofotsjølilje *Rhizocrinus lofotensis*, og den sjeldne hornkorallen *Isidella lofotensis*.

Området huser mykje av brislingbestanden i Hardangerfjorden i delar av året. Eit regionalt viktig gytefelt for torsk er registrert, i tillegg er det viktige oppvekst- og beiteområde for kysttorsk.

Verneføremålet knyter seg til vassøyla og sjøbotnen.

§ 2. (Geografisk avgrensing)

Det marine verneområdet dekker et sjøareal på omlag 78 km² med grense mot land langs dybdekote 2 m under sjøkartnull. Verneområdet femner om overflata, vass-søyla og sjøbotnen.

Grensene for det marine verneområdet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet xx. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Kart og verneforskrift blir oppbevart i Tysnes, Stord og Kvinnherad kommune, hos Fylkesmannen i Hordaland, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3. (Vernereglar)

I det marine verneområdet må ingen setje i verk noko som direkte eller indirekte kan øydelegge eller redusere verneverdiane i verneføremålet

- a. Vegetasjonen, medrekna tang, tare og andre marine planter, er verna mot skade og øydelegging. Planting av vegetasjon er forbode.

- b. Dyrelivet i sjø og knytt til sjøbotnen er verna mot skade og øydelegging. Utsetjing av organismar er forbode.
- c. Området er verna mot tiltak som t.d. etablering av ulike typar anlegg, utfylling, byggeverksemd, plassering av konstruksjonar på sjøbotnen, andre varige eller midlertidige innretningar, legging av rørleidningar og kablar, utføring av avløpsvatn og andre konsentrerte tilførsler av ureining, mudring, uttak og deponering av masse, sprenging, boring, utslepp av kjølevatn frå land, omrøying av vassmassar og oppankring. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømande.

§ 4. (Generelle unntak frå vernereglane)

Vernereglane i § 3 er ikkje til hinder for:

- a. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsel eller forvaltingsoppgåver som er bestemt av forvaltingsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.
- b. Fortøyning av småbåt, og anlegg av fastfortøyning, dragfortøyning og oppankring mot land. Fortøyingsmiddel på faste fortøyningar må være i stein eller anna materiale som ikkje forureinar.
- c. Hausting av viltlevande marine ressursar i samsvar med havressurslova og anna gjeldande lovverk, med unntak for hausting av vegetasjon, medrekna tang, tare og andre marine planter.
- d. Bruk av registrerte kaste og låsesettingsplasser.
- e. Fiske i samsvar med lakse- og innlandsfisklova.
- f. Jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk.
- g. Ferdsel med båt eller andre fartøy, og oppankring mot land.
- h. Drift og vedlikehald av eksisterande sjømerker og andre navigasjonsinstallasjonar.
- i. Drift og vedlikehald av eksisterande sjøkablar og naudsynte reparasjonar ved akutt utfall.
- j. Drift og vedlikehald av andre eksisterande anlegg og innretningar, medrekna avløpsanlegg, vegar, bruer, brygger, moloar, båtstøer og båthus.
- k. Oppgradering og fornying av eksisterande sjøkablar for å heve spenningsnivå og auke linetverrsnitt når dette ikkje føreset vesentlege fysiske endringar som ikkje er i samsvar med verneføremålet.
- l. Miljødirektoratet kan av omsyn til korallførekomstar ved forskrift regulere eller forby verksemd i det marine verneområdet.

§ 5. (Spesifiserte dispensasjonsreglar)

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gje dispensasjon til:

- a. Oppføring av naudsynte navigasjonsinstallasjonar og andre farleistiltak for å trygge ferdsle til sjøs.
- b. Legging av kablar og rørleidningar, så langt som mogleg samla i korridorar.

- c. Oppgradering/fornyning av sjøkablar som ikkje fell inn under § 4.
- d. Tilretteleggingstiltak for friluftsliv.
- e. Småbåthamner medrekna m.a. flytebrygger og fortøyingar.
- f. Tekniske tiltak som inneberer små inngrep på botnen og som ikkje påverkar dei marine verneverdiane inkl. vassutskifting og straumforhold nemneverdig.
- g. Vedlikehaldsmudring.
- h. Istandsetting, skjøtsel og vedlikehald av kulturminne.
- i. Mindre uttak av sand til eige bruk for tilgrensande grunneigarar.
- j. Bølgjedemparar i samband med småbåtanlegg.
- k. Havbruk som ikkje er i strid med verneformålet.
- l. Fangstbasert akvakultur.
- m. Levandelagring av fisk.
- n. Uttak av framande, introduserte artar.

Commented [AJM1]: Her stemmer ikkje kommentar i brev overens med det som det er rettet til i forskriften. Her må vi bare dobbelsjekke hvordan de egentlig vil ha det.

§ 6. (Generelle dispensasjonsreglar)

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta om det ikkje er i strid mot føremålet til vernevedtaket og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom tryggleiksomsyn eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, i samsvar med naturmangfaldlova § 48.

§ 7. (Skjøtsel)

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den naturtilstand som er føremålet med vernet, i samsvar med naturmangfaldlova § 47.

§ 8. (Forvaltingsplan)

Forvaltingsstyresmakta skal utarbeide ein forvaltingsplan med nærare retningsliner for forvaltning og skjøtsel av det marine verneområdet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 9. (Forvaltingsstyresmakt)

Miljødirektoratet fastset kven som skal ha forvaltingsstyresmakta etter denne forskrifta.

§10. (Rådgjevande utval)

Det kan opprettast eit rådgjevande utval for forvaltninga av verneområde.

§ 11. (Iverksetting)

Denne forskrifta tek til å gjelde straks.